



TIME KOMMUNE

FINANSDEPARTEMENTET

27. SEP. 2004

Saksnr.
Arkivnr.

04/1847-131

Arkiv:
Vår re
(saksn.):
Journ postID:
Saksbeh.:

K1-203, K3-&13
2004002220 - 1
2004011184
Aud Steinsland

SKATTEINNKREVJING - HØYRINGSUTTALE

Saksgang:

| Utval | Saksnummer | Møtedato |
|--------------------------|------------|------------|
| Plan- og økonomikomiteen | 124/04 | 31.08.2004 |

Framlegg til vedtak:

Time kommune meiner at kvaliteten og effektiviteten i den norske skatteoppkrevjinga er god, og sluttar seg til mindretalet sitt syn om at dei fleste argumenta talar for framleis kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga.

Plan- og økonomikomiteen

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

PØK-124/04 Vedtak:

Time kommune meiner at kvaliteten og effektiviteten i den norske skatteoppkrevjinga er god, og sluttar seg til mindretalet sitt syn om at dei fleste argumenta talar for framleis kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga.

Bedre skatteoppkrevjing – høyringsuttale

Skatteoppkreverutvalet har i *NOU nr 12/2004 Bedre skatteinnkreving*, lagt fram si innstilling om framtidig organisering av skatteoppkrevar funksjonen.

Utvalet fekk følgjande retningslinjer for arbeidet:

- Utvalget skal beskrive behovet for forbedringer/endringer innanfor de tre hovedfunksjonene som inngår i den lokale skatteoppkreverfunksjonen; arbeidsgiverkontroll, innkreving avskatt, trygdeavgift og arbeidsgiveravgift samt føring av skatteregnskapet.
- Utvalget skal vurdere forbedringstiltak innanfor en fortsatt kommunal organisering av skatteoppkreverfunksjonen.
- Utvalget skal vurdere forbedringstiltak innanfor en statlig organisering av skatteoppkreverfunksjonen.
- Utvalget skal redegjøre for de økonomiske og administrative konsekvenser av de tiltak som vurderes.
- Utvalget skal i prioritert rekkefølge fremme konkrete anbefalinger til tiltak som kan føre til forbedring av skatteoppkreverfunksjonen.
- Utredningen skal ikke omfatte overføring av statlige oppgaver til kommunene. Utvalget kan etter behov innhente informasjon om skatteoppkreverfunksjonen i de øvrige Nordiske land.
- Utredningen skal gjennomføres i samsvar med Utredningsinstruksen.

Utvalets innstilling:

Skatteoppkrevjarutvalet står samla bak ei rekkje forbetningsforslag, som kan gjennomførast uavhengig av korleis skatteoppkrevjinga vert organisert i framtida. Derimot delte utvalet seg, som venta, når det gjeld vurderingane og konklusjonane om den framtidige organiseringa av skatteoppkrevjinga.

Framtidig organisering - fleirtalsinnstilling

Utvalets fleirtal går inn for statleggjing av skatteoppkrevjarfunksjonen, noko dei grunngir med at dette er den mest naturlege form for organisering ut frå oppgåva sitt innhald og karakter. Dei meiner dette vil gi betre ressursutnytting (stordriftsfordelar) og betre resultat, samtidig som det vil føra med seg høgare produktivitet og betre innkrevjingsresultat. I tillegg meiner dei at dette vil leggja til rette for ei meir brukarorientert innretning av heile skatteforvaltninga. Vidare vert det argumentert med at skatteoppkrevjing ikkje kan seiast å ha særleg behov for lokal tilpassing og lokal skjønnsutøving. Tvert imot er oppgåva stramt regulert, og behovet for rettssikkerhet og likskap på tvers av kommunar, alt etter om ein betaler sin skatt eller ikkje, skal ikkje vera avhengig av kva for ein kommune ein bur i. Fleirtalet meiner og at det er bekymringsfullt at skatteoppkrevjinga i betydeleg grad ser ut til å vera påverka av lokale forhold, i form av ressursdisposisjonar og prioriteringar. Fleirtalet si innstilling vil og føra til ei todeling av dagens skatteoppkrevjarkontor. Den ”frivillige” betalinga skal flyttast over til likningskontora, medan tvangsinnkrevjing vil verta lagt til eigne statlege regionoppkrevjarkontor på minst fylkesnivå.

Framtidig organisering - mindretalsinnstilling

Utvalets mindretal meiner at dei fleste argumenta talar for framleis kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga. Dette vert begrunna med at det er dokumentert høg løysingsgrad, høg brukarservice og synergjar med øvrig kommunal verksemd, rettssikkerhet, kommunalt økonomisk sjølvstyre, folkevalt innsyn og kontroll, ytterlegare forbetningsmuligheiter og ikkje minst at kommunal organisering er robust i forhold til forventna utviklingstrekk.

Kommunen sitt syn:

Sett frå Time kommune si side, har skatteoppkrevjing djupe røter som kommunal oppgåve, og organiseringa slik den er i dag gir positive gjensidige synergjar mellom skatteinnkrevjinga og kommunen si innkrevjing av kommunale avgifter/kommunal fakturering. Dette gir god ressursutnytting og medverkar til å oppretthalda innkrevjingsmiljøet i kommunen.

Den føreslåtte statleggjeringsmodellen legg opp til at frivillig betaling og tvangsinnkrevjing vil verta delt og skje i to heilt avskilte organisasjonar. Rekneskapsføring- og fordelingsfunksjonen (skatterekneskapsfunksjonen) og kontrollfunksjonen vert overført til likningskontora, mens tvangsinnkrevjing skal skje i store regionkontor:

Vi ser det som uheldig å oppheva det klare skiljet som i dag fins mellom fastsetjing (likning) og innkrevjing. Dette vil lett kunna svekka skattytarane sin rettssikkerhet, fordi same eining - likningskontoret - nå både skal gjennomføra likning og førestå innkrevjing. Vi ser det også som uheldig å skilja mellom arbeidsgjevarkontroll og tvangsinnkrevjing, som etter vårt syn heng nært saman.

Den organiseringa som her er lagt opp til vil også føra til at to miljø, både eininga for frivillig betaling og eininga for tvangsinnkrevjing må etablera kunnskap om skyldnaren, og dette må seiast å vera dårlig ressursutnytting.

Vi har ikkje tru på den store forbetringa ved å organisera tvangsinnkrevjinga i store regionale kontor. Når vi med dette meiner å kunna hevda at skatteinnkrevjinga i kommunane er svært god, er ei av årsakene utan tvil den "nærhet" og gode kommunikasjon som i dag finns mellom skatteoppkrevjarar og skattytarar/arbeidsgjevarar. For å få til ei god og effektiv innkrevjing er det viktig å få kontakt og kommunikasjon med skattytarane slik at vi kan få til så gode betalingsordningar som det er mogleg å gjennomføre. Denne gode kommunikasjonen fører til eit minimum av tvangstiltak i innkrevjinga.

Vi ser likevel at eit skattekontor i kvar kommune kanskje ikkje er effektivt nok og vil arbeide for ei samanslåing av skatteoppkrevjarkontora på Jæren slik at vi kan ta ut stordriftsfordelar, men samtidig ikkje miste lokalkunnskapen og kjennskapen til skatteytarane. Dette bør skje sjølv om funksjonen fortsatt blir eit kommunalt ansvar.

Ei statleggjering av innkrevjinga vil føre til ein annan innkrevjingsstrategi med masseutsending av krav og liten kommunikasjon med skatteytar som vi dag ser på andre sentrale innkrevjingseingar. Sjølv om fleirtalet i utvalet meiner sentralisering skal gje betre skatteinnkrevjing, frykter vi at det motsette vil skje. Noko som igjen vil gå ut over kommunane sine skatteinntekter. Grunnlaget for denne frykten har vi frå samanlikning av skatterestansar og restansar på arbeidsgjevaravgift med restansane på meirverdiavgift som blir innkrevd av skattefutane.

Rådmannen i Time, den 19.08.2004


Brit Nilsson Edland


Aud Steinsland
økonomisjef